

Om juryarbeidet

Kristina Solum, Geir Uvsløkk og Ole Jan Borgund har sete i juryen for Rosettaprisen 2023. Camilla Widholm har vore sekretær og gjett juryen. Vi har hatt tre møte og til dels omfattande utveksling av synspunkt på e-post mellom møta.

I Bokbasen er det registrert 277 sakprosaomsetjingar i 2022. Det kom inn 30 nominasjonar frå forlaga i år, og det er godt over ei dobling frå året før. Det er prisverdig at forlaga no begynner å få auga opp for Rosettaprisen og nominerer gode sakprosaomsetjingar. Utanom forlagsnominasjonane har juryen vurdert 62 andre titlar som jurymedlemmene sjølve ønskte å sjå nærmare på. Juryen altså vurdert til saman 92 omsetjingar.

Kriteria som juryen bruker i arbeidet, er i hovudsak dei same frå år til år: Eit sjølv sagt krav er at omsetjinga skal vere korrekt og skriven på eit godt norsk. Dessutan må omsetjaren ha sett seg inn i fagfeltet og meistre fagterminologien i verket, og omsetjinga må spegle stilen og språkføringa i originalen. Ofte må omsetjaren vise gode kreative evner for å løyse alle utfordringane teksten gir på ulike plan. Boka skal vere god å lese, og formidlinga av innhaldet skal kjennast rett.

Det er elles ein føresetnad at verket byr på nok utfordringar – anten det gjeld språk og stil, fagleg kompleksitet, kulturell tilpassing eller anna – til at omsetjaren får vist kva han eller ho duger til. Vi ser gjerne ein samanheng her: Ekstra krevjande oppgåver lokkar omsetjaren til å gå djupt inn i stoffet og verkeleg leggje sjela i arbeidet.

Også i år er mange av omsetjingane essay eller essayistisk prega verk, og det er mange biografiar og sjølvbiografisk prega framstillingar. Det inneber at stilen i mange av verka har eit personleg preg, som omsetjaren må gi att i ei overtydande norsk form. Dermed ligg utfordringane for omsetjaren meir i å formidle den personlege stilen til forfattaren enn å sjonglere med i ein presis fagterminologi.

Overraskande mange av bøkene juryen har vurdert i år, har tema frå den andre verdskrigen, anten det er eldre originalverk som endeleg kjem på norsk, eller yngre forfattarar som har gjort eit formidabelt granskingsarbeid for å kaste nytt lys over ei tid som ikkje lenger er i manns minne.

Ein tendens vi har sett gjennom fleire år, er at forlaga er blitt flinke til å gi ut tidlegare uomsette sakprosaklassikarar, oftast med støtte frå Norsk kulturråd og NFFOs faglitterære fond. Dette er eit viktig kulturpolitisk arbeid som fyller hòl i den norske bokheimen.

Juryen set også stor pris på at forlaga vågar å omsetje meir eksperimentelle sakprosaverk, for eksempel i form av teikneseriar eller bøker som bruker ulike skriftstorleikar for å skilje mellom viktig og mindre viktig innhald.

I år som i fjor er mange av titlane omsette frå engelsk, men det det verkar som det no kjem fleire omsetjingar frå andre (vest)europiske språk. Svært få av dei omsette sakprosatitlane kjem frå utanomvestlege kulturar, og endå færre er skrivne på eit ikkje-europeisk språk. Det er altså framleis grunn til å etterlyse framstillingar og perspektiv frå andre delar av verda.